



Valldal

**Styremøte i Valdals Bygdekvinne lag 13.april kl.18.00
på biblioteket**

Desse møtte:

Faste medlemmer: Bjørg, Mette Marie, Gerd, Magnhild

Varamedlemmer: Linda, Solveig

Forfall: May, Mette NV

Bjørg ønskte velkommen til møte.

Sak 39/26 Godkjenning av innkalling og gjennomgang av referat frå forrige møte

Ingen merknader.

Sak 40/26 Evaluering Bygdekvinnekveld 24.mars, påskehelsing og gåvekort og vår innsats på Bygdafesten

Markering av «Prosjekt skulekjøkken» den 23.mars.

Eit fint arrangement som også er omtalt på laget si heimeside.

Skuffa over at Storfjordnytt ikkje møtte opp, viktig at ei slik gladsak blir omtalt.

Gitt tilbakemelding på dette, Bjørg følger opp vidare.

Påskehelsing og bygdekvinnekveld same kveld var praktisk og fungerte greitt.

Samtidig vart det delt ut jubileumshelsing til dei som fyller rundt/halvundt år i løpet av året.

Mange framkomte denne kvelden, og plantene vart delt ut på møtet. Fylldig referat er lagt ut på laget si heimeside.

På bygdafesten stilte laget med 3 personar; Randi, Nelly og Magnhild.

Oppdraget var å selge drikkebongar.

Frivilligverkstad – har delteke på den.

Sak 41/26 Oppfølging av arbeid med forsikring ved Gerd

Forsikringa er knytt til behaldning av bøker.

Saka vert teken oppatt på neste møte.

Sak 42/26 Økonomirapport ved Gerd

Betalt alt knytt til prosjekt skulekjøkken frå driftskontoen.

Gerd og Solveig følger opp i høve utbetaling av tilskot som er bevilga til prosjektet, gjeld Sparebanken Møre og Hofseth.

Sak 43/26 Planlegging av Bygdekvinnekveld 21.april

Planlegg neste møte på Muritunet med program og mat. Invitasjon blir sendt ut.

Mette sender info til vertinnegruppa.

Muritunet vart vald denne gongen. Elles har det kome fram forslag om ulike stader der vi kan møtest som alternativ til biblioteket samtidig som det blir som eit driftsbesøk. M.a. besøk hos glasskunstnar i Stordal, hos Andreas Ødegård på Uri, Nikkahuset, Frivilligsentralen i Stordal, Rempro og Hofset.

Kjem attende til dette seinare.

Sak 44/26 Info om turplanlegging ved Gerd

Først planlagt dato var sett til 13.juni. Pga. andre arrangement denne helga blir det sjekka ut om det er mogleg med ein alternativ dag/dato. Torsdag 11.juni kan vere aktuell.

Tenkt felles skyss og køyrer over Trollstigen og startar programmet i Rauma.

Førebels eit innhaldsrikt program, ikkje alt er «banka» enno.

Turgruppa v/Gerd arbeider vidare med programmet som høyrer veldig interessant ut!

Sak 45/26 Oppsummering og evt avklaringer av e-postar fra NBK, Olsok-komiteen og andre

Sentralt utsende epostar blir sendt til alle i styret.

Distriktsamling på Sjøholt i sept. 26. og 27.

Nelly har delteke på olsokmøte, nytt møte den 29.april.

Ein del av programmet er avklart.

Forespurnad frå Valldal skulekorps om hjelp i høve korpsstemne 13.juni.

Dugnad i hagen ved sjukeheimen: 2 dugnader er planlagt; 5.mai og 2.juni, begge dagane kl 13.

Syng med oss i mai blir flytta til den 19. i staden for 26.

Sak 46/26 Frivilligmøte/kalendermøte 14.april kl.1845 Fjord kommune. Kan vi fastsette datoar for hausten før møte og kven kan møte

Jf. foregåande sak.

Vi held fram med syng med oss tysdagar om det passar for Carolin.

Ønskje om at vi også held fram med Qviss, mogleg å involvere fleire ved behov og ev. avgrense til annankvar månad.

Frivilligfestival i sept.

Bygdebrunch er tenkt arrangert den 8.november.

Sak 47/26 Info omkring søknader i samarbeid med Fjord kommune - Utvikling av felles møteplass på biblioteket

Søknad sendt til to bankar. Søknad gjeld bruk av rommet ved inngangspartiet på baksida av biblioteket (gamle ambulanseinngang), gjere det om til eit tenleg rom. Utvikling av ein felles møteplass og at rommet kan utnyttast. Treng ma. å få tilgang til vatn.

Sak 48/26 Eventuelt anna

Meldt inn frå Solveig; Tema: Ei avdeling for yngre medlemmer? Jf. tidlegare prosjekt «Full fres»

Kan ev. sjåast i samanheng med rekruttering av fleire medlemmer.

Takk til Gerd som stod for serveringa denne kvelden!

Møtet slutt kl. 20.15

Magnhild

ref.